



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 03.06.2015

Sak nr.: 15/3323-7

Internt l.nr.: 20510/15

Sak: 60/15

Tittel: Tertialrapport 1/2015

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2015

- 1 Rammetilskotet vert auka med 4,753 mill. kr.
- 2 Utbytte vert auka med 19,800 mill. kr.
- 3 Konesjonskraftinntektene vert auka med 2,300 mill. kr.
- 4 Auka lokale inntekter i punkt 2 og 3 vert avsett til bufferfond.
- 5 Driftsmidlar til investering vert auka med 0,400 mill. kr.
- 6 Sektorbudsjettet til forvaltning vert auka med 1,855 mill. kr.
Teneste 4200 Administrasjon vert auka med 1,300 mill.kr.
Teneste 4205 Interne støtteiningar vert auka med 0,155 mill.kr.
Teneste 4201/4204/4801 personal vert auka med 0,400 mill.kr.
- 7 Sektorbudsjett til opplæring vert redusert med 12,327 mill. kr.
Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,710 mill.kr.
Teneste 5151 Fellesutgifter for skulane vert auka med 0,900 mill. kr.
Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,300 mill. kr.
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 10,000 mill. kr.
Teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert med 0,900 mill. kr.
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert samla redusert med 0,317 mill. kr.
- 8 Sektorbudsjett til kultur vert auka med 1,288 mill. kr.
Teneste 7710 Kunstformidling vert auka med 0,988 mill. kr.
Teneste 7900 Andre kulturaktivitetar vert auka med 0,300 mill. kr.
- 9 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 13,537 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2015

- 1 Investeringsprogrammet for bygg og anlegg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.

- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 3 Salsinntekter frå kapitalrekneskapen 2014 på 2,532 mill. kr, som var avsett til kapitalfond, vert nytta til ekstraordinære avdrag.

C. Andre område

- 1 Det vert vedteke eit nytt punkt 2.6.9 i budsjettreglementet slik:

«Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte transaksjonar, dvs. både bruk og avsetting av fond, på disposisjonsfondet 25699980 Intern fordeling. Avsette midlar på dette disposisjonsfondet kan nyttast på alle programområde/tenester»

Punkta 2.6.9-2.6.11 i gjeldande budsjettreglement vert etter dette punkt 2.6.10 - 2.6.12
- 2 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
- 3 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 4 vert teken til vitande.